

Tid for ti i lærarutdanninga

Leseaksjonen *Tid for ti* skal gi studentane på lærarutdanninga ved Høgskulen i Volda meir kjennskap til nynorsk litteratur og gjere dei betre førebudde på undervisningsrolla.

TEKST Ole I.B. Storø

T*id for ti* er eit nasjonalt lesetiltak på sjuande trinn av Foreningen !les i samarbeid med Nynorsksenteret, Samlaget og andre nynorsk-aktørar. Hjartet i aksjonen er ein antologi med utdrag frå ti nynorske bøker tilpassa målgruppa, pluss ei eiga nettside, tidforti.no, med tekstar, lydfiler, aktivitetar, konkurransar og ei lærarrettleiing.

Foreningen !les, Nynorsksenteret og Høgskulen i Volda har etablert eit samarbeid som tek siktet på å heve framtidige lærarar si kunnskap om nynorske tekstar.

- Elevane treng å sjå og lese nynorsk for å styrke språkkjensla si. Mange skular i distriktet vårt saknar lesebøker på nynorsk. Då er det ekstra viktig at lærarstudentane våre blir kjende med ny nynorsk litteratur for barn og unge. Det håper vi å bidra med i dette opplegget, seier Kristin Kibsgaard Sjøhelle, førsteamanensis ved Høgskulen i Volda.

Inspirasjonsdag

Ein ny *Tid for ti*-antologi kjem i januar kvart år. Opplaget er på 26 000, og bøkene blir sende til påmeldte skular rundt omkring i heile Noreg. Antologien blir òg ein del av pensum for studentane i Volda.

- Studentane får antologien og må sette seg inn i utdraga. Vidare arrangerer vi ein dag for lærarstudentar som går andreåret på norsk for 5.-10. trinn. Nynorsksenteret informerer om prosjektet og korleis studentane kan bli ein del av aksjonen som lærarar. Vi inviterer lærarar og elevar som fortel om korleis dei har brukt *Tid for ti* i klasserommet, og studentane får

testa ut ein del av lærarmateriellet som følgjer antologien, seier Sjøhelle.

- I tillegg har vi lagt opp ein heil nynorsk ungdomsroman, gjerne ein frå antologien, der vi også får besøk av forfattaren av boka. Det er studentane sjølve som har ansvar for å arrangere dette besøket og fylle det med innhald, legg ho til.

Høgskulelektor Guro Kristin Gjøsdal ved Nynorsksenteret fortel at *Tid for ti* dannar ei ramme for eit møte mellom studentar, praksisfelt og fagfolk.

- Ein inspirasjonsdag gir lærarstudentar trening i å vere vertar. Gjennom dette samarbeidet får vi innsikt i korleis aksjonen vert møtt og teken i bruk, og korleis ein kan leggje til rette for god didaktisk språkopplæring i nynorsk som sidemål og hovudmål. Dette let oss bygge bru til lærarar, lærarutdannarar og studentar, seier ho.

Elevar blir ekspertar

Lekturen meiner ein inspirasjonsdag og samarbeid bidreg til kompetanseheving og kunnskapsdeling hos alle som deltek. Men det fører òg til ringverknader utover det studentane sit igjen med etter å ha blitt kjende med *Tid for ti*.

- Det gir lærelyst, innsats og kvalitet i nynorskopp-læringa. Vi lærer noko nytt og av kvarandre, og får moglegheit til både utprøving og fordjuping. Inspirasjonsdagen blir eit handlingsrom for kvalitetsutvikling og dialogbasert læring. Slik kan vi vidareutvikle eit profesjonelt fellesskap for god nynorskopplæring. For oss er det eit mål at kvaliteten i den nynorske opplæ-



ringa er høg uansett kor du er i landet og kva skule du går på, seier Gjøsdal.

Sjøhelle er ikkje i tvil om effekten av å la lærarstudentane ta i bruk i *Tid for ti*-aksjonen. Men det handlar ikkje berre om sjølv teknikken i antologien.

- Dette er ei unik moglegheit for studentane til å sjå korleis ein kan arbeide med nynorsk barne- og ungdomslitteratur i klasserommet. Dei får presentert ei breidd innanfor skjønnlitteratur og sakprosa, og dei får innsikt i kva ein lærar gjer med ein slik antologi i møte med elevane.

Når studentar og elevar møtest, kan elevane med sine erfaringar frå lesinga av antologien fungere som ekspertar, meiner Sjøhelle.

- Gjennom samtalene får studentane innblikk i kva sjangrar elevane synest er interessante, om tekstane inspirerer dei til å lese meir, kva dei syntest var spennande, og kva dei lærte undervegs i *Tid for ti*. Mange unge lesarar vektlegg innhald i større grad enn læring når dei les. Det ligg mykje læring for studentane i desse samtalane med elevane, men òg om korleis dei kan etablere samtalar om litteratur med elevar, seier ho og påpekar:

- Dei får òg oppleve korleis det er å ta imot gjestar i klasserommet, og får førstehandserfaring med å lage eit opplegg rundt til dømes forfattarbesøk.

Engasjement vekkjer leselysta

Dei ti utdragene i antologien skal gi elevane smakebitar av eit breitt spekter av tekstar. Utdragene skal i seg sjølv vere ei god leseoppleving, men det er òg eit ønske om at

elevane skal bli motiverte til å lese heile bøkene. Men kvifor er det viktig at studentar på lærarutdanninga les nynorsk barne- og ungdomslitteratur?

- Engasjement er eit nøkkelord for å vekkje leselyst. Lesing av skjønnlitteratur kan vise fleire positive samanhengar med leseferdigheiter. Å få lese nyare skjønnlitterære tekstar kan gi engasjement og fordjuping, og at ein kan relatere det ein les, til eigne liv og erfaringar. Å ha god kompetanse i begge målformer er sentralt i læraryrket. For at elevane skal verte dyktige i å lese og skrive nynorsk, treng dei mengdetrenings. Det kan dei få gjennom *Tid for ti*, seier Gjøsdal.

- Det er eit stort og viktig spørsmål, svarar Sjøhelle, men utdjupar:

- Ved å få innsikt i litteratur for barn og unge er dei betre rusta til å kunne tilpasse litteratur på ulike nivå for elevane sine. Dei kan samtalé med elevane om bøker, og dei kan bruke litteraturen til å snakke om verkelegheiter utanfor seg sjølv. Læreplanen for ungdomstrinnet krev at studentane kan arbeide med litteratur frå elevane si samtid. Då er det særleg viktig at dei får kunnskap om ulike typar litteratur som kan møte ulike typar elevar, seier ho.

Med prosjektet som til dømes Bokslukarprisen, Uprisen - årets ungdomsbok og Ungdommens kritikarpris har Foreningen !les over tid samarbeida med utdanningsinstitusjonar og biblioteksektoren. Sjøhelle meiner *Tid for ti* passar godt inn i denne samanhengen.

- Dette bør absolutt vere aktuelt for andre lærarutdanningar, særleg sidan antologien og lærarressursane er tilgjengelege digitalt for alle.